



MØTEBOK

Møte: 1-2024

Møtedato: Onsdag 17.1.2024

Møtestad: Viefluno, Rådhuset

Tid: 16.00

Desse møte:

Torleif Fylkesnes, Hildegunn Lodden Stautland, Asbjørn Esperø, Rolf Magne Skippervik, Solveig Eikeland, Lillian Thorsen (vara Lykling), Hans Magne Nesse Stokka (vara Moster), Anja-Beate Skullerud (vara Bømlo), Asbjørn Gundersen og Trygve Leigland

Desse møtte ikkje:

Sverre Leon Larsen, Odd Ingvar Larsen og Rune Sivertsen.

2024-01-01 KONSTITUERING AV NYTT RÅD

Fellesrådet:

Leiar: Torleif Fylkesnes (samrøystes)

Nestleiar: Solveig Eikeland (samrøystes)

Til administrasjonsutvalet (ADMU):

Torleif Fylkesnes stiller som leiar

Hildegunn Lodden Stautland, medlem

Rolf Magne Skippervik, medlem

1. vara Asbjørn Esperø

2. vara Sverre Leon Larsen

3. vara Odd Ingvar Nilssen

Til arbeidsmiljøutvalet (AMU):

Asbjørn Esperø

Vara Rune Sivertsen

Til orgelkomiteen:

1. Fellesrådet oppfordrar dei sitjande medlemmene til å «stå løpet ut».

2. Om ikkje punkt 1. lar seg gjere går Solveig Eikeland og Rune Sivertsen inn i denne komiteen.

2024-01-02 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Innkalling og saksliste godkjent.

Merknad frå sakshandsamar at det i sak 2024-01-07 var skrive feil årstal nokre gongar. Dette vert rett opp til 2023 der det var skrive feil (2024).

2024-01-03 GODKJENNING AV MØTEBOK 5 – 2023

Møtebok 5 – 2023 vart godkjent utan merknadar.

2024-01-04 MELDINGAR OG SKRIV

1. Oppdatering på staben

- Klokkarsituasjonen i Bremnes, Moster og Lykling.

Tilsett i Lykling, frivillig i Bremnes og inga løysing i Moster

- Ny prest i Lykling og Bømlo sokn.

Laila Hansen Røksund tilsett som prest.

2. Medarbeidarundersøking blant dei tilsette (Nasjonal).
 - Kort orientering om nokon av punkta frå lokalt resultat.
3. Samarbeidsforum mellom sokneråd og stab
 - Kort info om samarbeidsforum, og aktuelle tema for forumet.

2024-01-05 MØTEPLAN 2024

Møteplan vedteke med endring av tidspunkt frå 16.00 til 16.30

Og følgjande datoar:

- 29. januar – Kurs i Aksdal kl. 16.00
- 20. mars
- 5. juni

2024-01-06 SØKNAD OM 20% PERMISJON FRÅ KYRKJEVERJE

Det vart gjere ei kort grunngjeving i kvifor kyrkjevevja ynskjer 20% permisjon frå stillinga som kyrkjevevje. Kyrkjevevje fråtredde så saksbehandlinga.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å gi kyrkjevevja 20% permisjon fram til 1.10.2024.
2. ADMU ser på arbeidsmengd og organisering for kyrkjevevja i 80% stilling.
3. Fellesrådsleiar kallar inn til møte.

2024-01-07 FORELØPIG ÅRSREKNESKAP FOR 2023

Det var gjeve ein kort gjennomgang av kyrkjevevja på foreløpig budsjett 2023. Som tala viser vil 2023 danna eit svært utfordrande grunnlag for 2024. Det vart stilt ein del spørsmål i saka som vart besvart, og aktuelle problemstillingar knytt til denne og sak 2024-01-08 vart drøfta og diskutert.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd tek foreløpig årsrekneskap for 2023 til vitande.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtekt å bruke av rekneskapsmessig mindreforbruk i 2022 til dekking av meirforbruk i 2023.
3. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å bruke avsette midlar til disposisjonsfond i 2022 til dekking av meirforbruk i 2023.
4. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å bruke 180 000 av bunde fond til diakoni.

2024-01-08 DRIFTSBUDSJETT 2024

Det vart drøfta ein del rundt kva tiltak ein skal setje i verk for å komme i balanse med budsjettet for 2024. I saksframlegget er det beskrive at ein på mange måtar ser på budsjettet som eit urealistisk budsjett. Likevel må det setjast opp i balanse, og ein må jobbe på alle områder, både kostnads- og inntektssida, for å hente inn igjen overforbruket i 2023.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtar driftsbudsjett i samsvar med Budsjett 2024 med ei totalramme på kr 17.285.000 inkl. finansielle utgifter og inntekter.

2024-01-09 INVESTERINGSPLAN 2024 – 2027

Det var gjeve ei kort saksinnleiing i forhold til status på ein del av investeringsprosjekta til Bømlo kyrkjeleg fellesråd. På fleire av gravplassane må ein kanskje tenkje nytt i forhold til påfylling og gjenbruk av areal. Det vil igjen vera avhengig av dispensasjon i forhold til namneflytting frå gravplass til minnelundar, for å få nye graver.

Vedtak:

Budsjettforslag 2024 - 2027	2024	2025	2026	2027	Total ramme
Påfylling av gravfelt på Fagervoll gravplass	1200				1200*
Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje	850				5650
Utviding av parkeringsplass ved Bømlo kyrkje			1500		1500
Utvide gravplass på Moster			1500	3500	
Bytte vindauge i Moster kyrkje	2500				2500
Påfylling av gravfelt på Bremnes kyrkjegard		6500			10200
Investeringsstilskot frå kommunen	- 2000	- 2000	- 3000	- 3000	
Bruk av bunde investeringsfond	- 1350	- 4500		-500	
Andre innsamla midlar (innsamla orgel og flygel)	- 1200				
Balanse	0	0	0	0	

2024-01-10 PRISJUSTERING AV FESTEAVGIFTER

Nivået på festeavgift vart drøfta litt i rådet og det vart gjort nokre kjøppe samanlikningar med prisar i frå andre stader som ein fant på internett. Det vart frå fleire hald gitt uttrykk for at ein tykkjer at det er låg festeavgift i Bømlo. Samanlikna med andre, viser det seg ta Bømlo verken ligg veldig høgt eller veldig lågt. Spesielt for Bømlo, samanlikna med mange andre stader, er at ein opererer med differensiert festeavgift alt etter kor gamle gravene er.

1. Kyrkjeleg fellesråd vedtek følgjande endringar i festeavgifter:

For personar busett i kommunen	Frå 2021 til d.d. (kr)	Forslag til nye 1.3.2024 (kr)
<u>Reservering av grav</u>	3 250	3 750
- Etableringsavgift:	(2 000)	(2 250)
- Festeavgift i 5 år (faktureres for 5 år omgangen):	(250 / år)	(300 / år)
<u>Gradert festeavgift</u>	kr / år	kr / år
Reservert grav mellom 0 – 30 år:	250	300
Fornyng av kistegrav mellom 30-40 år:	250	300
Fornyng av kistegrav mellom 40-60 år:	300	400
Fornyng av kistegrav over 60 år:	500	700
Fast årleg pris på urnegrav uavhengig av alder:	kr / år 250	kr / år 300
<u>Stellfri urnegrav i 20 år (valfritt)</u>		
Namna minnelund	12 000	-
Eigen namneplate	18 000	4 000
Leige av kyrkja med organist (ikkje medlem)	4 000	5 000
Leige av kyrkje utan organist (ikkje medlem)	3 000	4 000

For personar busett i annan kommune	Frå 2021 til d.d. (kr)	Endring frå 2024
Urnegrav: Etableringskostnad og festeavgift i 20 år	9 000	Totalt (feste avgift 30 år) 12 000 (9000)
Enkel kistegrav: Etablering pluss festeavgift i 30 år	13 000	15 000 (9000)
Dobbel kistegrav. Reservering og festeavgift i 30 år	25 000	30 000 (18000)
Stellfri urnegrav i 20 år (valfritt)		
Namna minnelund og festeavgift i 20 år	14 000	-
Eigen namneplate og festeavgift i 20 år	20 000	10 000
Leige av kyrkja til gravferdsseremoni	4 000	5 000
Leige av kyrkja med eigen organist	3 000	4 000

2. Vedtaket frå Bømlo kommune om å gi kremasjonsstønad tilsvarende den faktiske eigenbetalinga til kremasjonsavgift og frakt (ca. 6 100,- per 10.1.2024) til etterlatte for å dekkja ekstrakostnadane ved kremasjon vert ståande.

3. Endring i festeavgifta og nivået på kremasjonsstønad vert sendt til Bømlo kommune til godkjenning.

4. Dei nye prisane vert gjort gjeldande frå 1.3.2024

2024-01-11 PRISJUSTERING AV STELLAVTALAR

Det vart gjere ei kort saksutgreiing/informasjon om

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd gjer følgjande prisendring på tenester kyrkjeleg fellesråd kan tilby:

Oppretting av skeivt gravminne Frå 2021: 4000 inkl. mva. til kr. 5000 inkl. mva. frå 17.1.2024

I dag er det tilbod om to typar gravstell til følgjande årsprisar:

	Mellom 1 og 4 år	Mellom 5 og 9 år	10 år eller meir
Standardavtale	2.000,- per år	1.850,- per år	1.650,- per år
Utvida stellavtale	2.400,- per år	2.200,- per år	1.900,- per år

Forslag til endra årspris er som følgjer:

	Mellom 1 og 4 år	Mellom 5 og 9 år	10 år eller meir
Standardavtale	2.300,- per år	2.050,- per år	1.750,- per år
Utvida stellavtale	2.700,- per år	2.400,- per år	2.000,- per år

2. Dei nye prisane vert gjort gjeldande frå 17.1.2024

Torleif Fylkesnes
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje